



# Studieplan 2009/2010

## Norsk 2

**Studiepoeng:** Arbeidsmengde i studiepoeng er: 30.

### Opptakskrav fritekst

Norsk 2

### Emner

*Studiepoeng År 1*

- [Norsk 2 - Litterær modul](#)

15 studiepoeng

- [Norsk 2 - Språklig modul](#)

15 studiepoeng



# Emneoversikt

## **2NO224-2 Norsk 2 - Litterær modul**

**Emnekode:** **2NO224-2**

**Studiepoeng:** **15**

### **Språk**

Norsk

### **Forkunnskaper**

Norsk 30 sp fra den obligatoriske delen av allmennlærerutdaningen.

### **Læringsutbytte**

Gjennom Norsk 2-studiet skal ein utvikle eit engasjert og reflektert forhold til norsk og nordisk språk og litteratur i fortid og notid, og studiet skal vere med på å førebu studentane til å arbeide i skolen. Etter fullført studium skal studentane ha tileigna seg følgjande kunnskapar, ferdigheter og haldningar:

- innsikt i språket som struktur og språket som sosialt fenomen og respekt og forståing for ulike variantar av språk.
- kunnskapar om litteratur frå ulike epokar og ulike sjangrar.
- evne til sjå på litterære og språklege spørsmål frå eit analytisk og vurderande perspektiv.
- praktiske og teoretiske kunnskapar om lesing og skriving av ulike typar tekstar.
- eit solid grunnlag for å kunne følgje med i den faglege og fagdidaktiske utviklin&shy;ga i faget.
- solide didaktiske kunnskapar i dei ulike delane av studiet.

### **Innhold**

Litterært tekstpensum frå ca. 1890 fram til i dag.

Det litterære tekstpensumet i denne modulen skal til saman omfatte ca. 17 verk. Som verk blir rekna ein roman eller eitt drama, ca. 80 sider noveller, ca. 40 sider lyrikk eller ca. 80 sider essays. Studentane skal lese eit utval litteratur frå ca. 1890 og fram til i dag. Tekstane skal omfatte verk i ulike sjangrar. Eit breitt utval av forfattarar av både kjønn og på både målformer skal vere representert. Av dei 17 verka skal til saman tre verk vere på dansk og svensk. Liste over pensumtekstar vil liggje føre før studiestart.



## Høgskolen i Hedmark

### Litteraturhistorie.

Studentane skal lese ei oversikt over norsk litteraturhistorie frå 1890 fram til i dag. Dei skal gjere seg kjende med dei mest vanlege omgrepa i litteraturhistoria, kunne plassere dei enkelte verka i eit litteraturhistorisk perspektiv, og kjenne dei viktigaste forfattarane og forfattarskapet i kvar periode. Hovudperspektivet er å forstå dei litteraturhistoriske hovudretningane, og samspelet mellom litteraturen og det samfunnet den er gått ut frå og samtidig verkar tilbake på.

### Litterær analyse og tolking.

Studentane skal få øving i å lese og forstå eit litterært verk på ulike måtar, blant anna som estetisk uttrykk og som uttrykk for den historiske og sosiale situasjonen det er forankra i. Studiet skal gi innblikk i sentrale analysemетодar, slik at studentane kan tolke ulike slag tekstar, kjende og ukjende.

### Litteratursosiologi

Litteratursosiologien ser litteraturen i ein større samfunnsmessig kontekst og tar for seg ulike aspekt av den "litterære institusjonen".

### Litteraturpedagogikk/-didaktikk

Litteraturpedagogikken dreier seg om litteraturens plass i skolen og andre kulturelle samanhengar.

## Organisering og arbeidsformer

Litteraturmodulen har all undervisninga på eitt semester. Vi rår studentane til å følgje undervisninga i dei enkelte emna, sjølv om undervisninga ikkje er obligatorisk. Den delen av pensum som undervisninga ikkje dekkjer, bør studentane ta opp som emne i kollokviegrupper. Lærarane på modulen kan gi faglege råd om kva som bør tas opp i dette arbeidet. Den Internettbaserte kommunikasjonsplattforma Fronter vil bli brukt til meldingar, støtteark og innleveringar.

## Vurderingsordning

Fem timars skriftleg eksamen og ei munnleg prøve. Skrifteleg eksamen må vere bestått for at kandidaten skal kunne avleggje den munnlege prøva. Den munnlege prøva kan justere den skriftlege karakteren eitt trinn opp eller ned. Det vil også vere mogleg å få karakteren "Ikkje godkjend" (karakteren F) etter den munnlege prøva, uavhengig av karakteren på skriftleg eksamen, om den munnlege prøva syner store manglar i studentens kunnskapar. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. Ved vurderinga av studentane sine skriftlege arbeid blir det lagt vekt på den språklege utforminga av dei. Det vert stilt same krav til å kunne formulere seg på både målformer.

## Ansvarlig avdeling



## Høgskolen i **Hedmark**

Avdeling for lærerutdanning og naturvitenskap



## **2NO224-1 Norsk 2 - Språklig modul**

**Emnekode:** **2NO224-1**

**Studiepoeng:** **15**

### **Språk**

Norsk

### **Forkunnskaper**

Norsk 30 sp fra den obligatoriske delen av allmennlærerutdaninningen.

### **Læringsutbytte**

Gjennom Norsk 2-studiet skal ein utvikle eit engasjert og reflektert forhold til norsk og nordisk språk og litteratur i fortid og notid, og studiet skal vere med på å førebu studentane til å arbeide i skolen. Etter fullført studium skal studentane ha tileigna seg følgjande kunnskapar, ferdigheter og haldningar:

- innsikt i språket som struktur og språket som sosialt fenomen og respekt og forståing for ulike variantar av språk.
- kunnskapar om litteratur frå ulike epokar og ulike sjangrar.
- evne til sjå på litterære og språklege spørsmål frå eit analytisk og vurderande perspektiv.
- praktiske og teoretiske kunnskapar om lesing og skriving av ulike typar tekstar.
- eit solid grunnlag for å kunne følgje med i den faglege og fagdidaktiske utviklin&shy;ga i faget.
- solide didaktiske kunnskapar i dei ulike delane av studiet.

### **Innhold**

Innhaldet i Norsk 2 rettar seg mot heile grunnskolen, men emne og perspektiv som er særleg relevante for ungdomssteget, blir vektlagde. Med eksamen i Norsk 2 opnar ein òg for å undervise på vidaregåande-trinnet.

Norsk 2 er ei fagteoretisk påbygging og fagdidaktisk utdjuping av studiet frå Norsk 1. Fokus ligg på studiet av korleis språk og litteratur varierer ut frå historiske, geografiske og sosiale forhold. Det inneber mellom anna at ein arbeider vidare med vilkåra for meiningsproduksjon på ord- og setningsplanet, og i større tekstar.



## Høgskolen i Hedmark

Hovudtrekk i norsk språk- og litteraturhistorie er ein viktig del av studiet. Historiske synsmåtar blir brukte på tekstar, språkforhold, skoleforhold og norskundervisning. Eit anna viktig innhaldsmoment er geografisk og sosial variasjon i språkforhold og språkleg-kulturelle uttrykk i dagens Noreg. Studentane skal utdjupe kunnskapane sine på fagområda tekst- og diskursanalyse, norsk språkhistorie, sosiolingvistikk og tospråklegheit, norsk målføreunnskap og dansk og svensk språk. Dei skal ha kjennskap til grunnproblem innanfor litteraturpedagogisk og litteratursosiologisk teori. Studentane skal bli kjende med tradisjonelle og nyare forskingstilnærmingar til språk og litteratur, og få auka forståing for den tverrvitskaplege karakteren faget har.

Studentane skal kunne forstå, vurdere og analysere ulike tekstar mot denne bakgrunnen, og kunne skrive på ein fagmessig måte på begge målformene.

Studentar som tek Norsk 2 innanfor den fireårige lærarutdanninga, tek del i dei praksis&shy;ordningane høgskolen har. For fleire opplysningar om praksis kan ein vende seg til studieadministrasjonen ved skolen. Vidareutdanningsstudentar som arbeider i skolen, treng ikkje særskild praksis knytt til studiet. Andre vidareutdanningsstudentar kan få tilknyting til praksisfeltet ved å vende seg til studieadministrasjonen.

## Organisering og arbeidsformer

Norsk 2-studiet har all undervisninga i vårsemesteret. Vi rår studentane til å følgje undervisninga i dei enkelte emna, sjølv om undervisninga ikkje er obligatorisk.

Den delen av pensum som undervisninga ikkje dekkjer, bør studentane ta opp som emne i kollokviegrupper. Lærarane på modulen kan gi faglege råd om kva som bør tas opp i dette arbeidet. Den internettbaserte kommunikasjonsplattforma Fronter vil bli brukt til beskjedar, støtteark og innlevering av oppgåver.

## Vurderingsordning

Fem timars skriftleg eksamen og ei munnleg prøve. Skriftleg eksamen må vere bestått for å kunne ta den munnlege prøva. Den munnlege prøva kan justere skriftleg-karakteren eitt trinn opp eller ned. Det vil også vere mogleg å få modulkarakteren ”Ikkje godkjent” (karakteren F) etter den munnlege prøva, uavhengig av karakteren på skriftleg eksamen, om den munnlege prøva viser store manglar i kunnskapane til studenten. Omrent halvdelen av det skriftlege svaret skal skrivast på bokmål, den andre halvdelen på nynorsk. Ved vurderinga vert det lagt same vekt på den språklege utforminga på både målformer.

## Ansvarlig avdeling

Avdeling for lærerutdanning og naturvitenskap